



Litt historikk om Årdal Båtforening

Arbeidet med Tangen Motorbåtklubb starta allereie i 1951

Fyrste formann: Kåre Fredsvik
Kontingenten var då kr 7,- og for båtplass kr. 3
Omsetning kr 114,-
Medlemstal: 12

Desse var:

Kåre Fredsvik, Håkon Hansen, Sande, Reidar Norum, Karsten Aspelund, A. Sandnes,
T. Skjolden, H. Norby, J. Skophammar, Handegård, T. Jansen, H. Hovland

1952: Kontingent kr 10,- og kr. 5,- for båtplass.

1957: Var nede i 6 medlemmar og 4 båtplassar.

1957: Kommunen held fram sine kai - arbeider med småbåthamn på Odden og båteigarane vert "jaga" frå piren ved meieribrakka som ÅSV var hjelpsame med å etablere.

1958: Søknad frå Årdalstangen Motorbåtklubb om å få disponere innsida av Meierihamna til plassering av motorbåtar. Avslag i påvente av oppretting av Hamnestyre.

1959: Utkast til reglement for meierihamna sendt frå ÅK til Årdal Motorbåtklubb.

1961: Byggeløyve på kai på innsida av molo i Saltviki

1969: Utviding av opplagsplass i Saltviki

1971: Forslag til ÅK på småbåthamn på Odden

1972: Får frå ÅSV-fondet kr 15.000,-

1973: Flytebrygger i Saltviki

Kommentar: "Vi har hatt en foreløpig kostnadsberegning av arbeidet i Saltvika og kommet fram til at vi ikke har penger i kassen." Det var her snakk om å kjøpa 10 klemmer til fester på flytebrygga.

1983: Flodbylgja raserer hamnene.

2001/2002: Medlemstalet: 113. Disponible båtplassar: 95, Utleigde: 72, Omsetn. 150.000,

Des. 2010 : Medlemstalet: 168. Disponible båtplassar: 98, Utleigde: 96, Omsetn. ca 900.000,